
Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: onsdag 9. desember 2020 08:53
Til: Postmottak Alver
Kopi: Are Frøysland Grande; Marianne Aadland Sandvik; 'Fløholmen AS'; malin.andvik@gmail.com
Emne: Fløholmen flytebryggje - og kommunens delegasjonsreglement

Til Rådmannen i Alver

Gjeld sak nr. 20/335 - 20/76458 – 1293/20.

Eg har motteke skriv frå Are Frøysland Grande datert 1. 12. 2020 : administrativt avvisningsvedtak grunngjeve med manglende snitt- og fasadeteikningar av omsøkt flytebryggje - med 3 vekers klagefrist.

Slik eg forstår Marianne Aadland Sandvik vil ein eventuelle klage verta handsama administrativt og deretter sendt direkte til Fylkesmannen i Vestland for «sandpåstrøing», med tilvising til følgjande punkt i kommunens delegasjonsreglement (jf. Kommunelova §13.1 sjette ledd) :

Delegering av avgjerd etter særlover:

Rådmannen har mynde til å ta avgjerder, eller delegerere slik mynde, i saker **av ikke-prinsipiell karakter.**

Saka - Rammesøknad for flytebryggje i område avsett til småbåthamn i kommuneplanen - med dispensasjon frå kommuneplankartets «byggjegrense i sjø» – er tvillaust av prinsipiell karakter, verdig ei lokalpolitisk vurdering.

Det ser imidlertid ut for at Alver kommune arbeider etter denne rettleiinga utarbeidd (22. 10. 2018) av teknisk etat i tidlegare Radøy kommune :

Det følger direkte av plan- og bygningslova § 1-9 at «*Departementet er klageinstans for enkeltvedtak etter denne lov.*» Departementet sin myndighet som klageinstans er delegert til fylkesmennene gjennom forskrift. Klageinstansen i saker etter plan- og bygningslova vil således alltid være Fylkesmannen i Hordaland som «*nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket*», jf. § 28.

Alle kommunale organer, politiske og administrative, vil alltid være underinstans i forvaltningslovens betydning i byggesaker. Verken kommunestyret eller hovudutvalet er et overordnet forvaltingsorgan ifht administrasjonen i byggesaker. Derfor kan verken kommunestyret eller hovedutvalet behandle klagesaker som klageinstans. Det er opp til kommunestyret og hovedutvalet å vurdere hvilke saker de vil behandle selv som førsteinstans, og hvilke saker de vil delegerere til administrasjonen. Selv om de delegerer til administrasjonen får ikke det politiske organet rollen som klageinstans.

Den behandlingen av en klage som skjer i kommunen, enten den skjer administrativ eller politisk, er ikke en klagebehandling, men bare en klagesaksforberedelse der kommunen som underinstans samtidig vurderer om det er grunnlag for å gjøre om eget vedtak som følge av klagen, jf. forvaltningslova § 33. I byggesaker som er realitetsbehandlet med avslag eller godkjenning gjør som oftest hovudutvalet omgjøringsvurderingen.

Din søknad er ikke realitetsbehandlet i kommunen, men avvist som følge av mangler ved søknaden. Klagen er dermed bare en prosessuell klage. Hovudutvalet skal ha til behandling

saker av prinsipiell karakter, det vil si saker der det er rom for politiske vurdering. En prosessuell klage er knyttet til saksbehandlingsregler, og vil aldri være en sak av prinsipiell karakter. I prosessuelle klager er det derfor administrasjonen som gjør omgjøringsvurderingen, før saken går til klagebehandling hos Fylkesmannen.

Siden du allerede hadde vært i kontakt med leiar for hovudutvalet har administrasjonen i denne saken konkret avklart med leiar for hovedutvalet at den prosessuelle klagen som normalt går direkte til fylkesmannen, jf. også den tydelige tilbakemeldingen du har fått på e-post direkte fra leiar i hovudutvalet.

Om du ikke ønsker at klagen skal sendes Fylkesmannen som klageorgan må klagen trekkes.

Dersom desse læresetningane er almengyldige vil kommuneadministrasjonen - i samarbeid med Fylkesmannen - kunna stoppa alle saker, utan mulighet for politisk vurdering .

Med tilvising til oppkonstruerte mangelpåstandar kan det gjerast avvisningsvedtak der eventuelle klager vert handsama av administrativt overordna og «avslutta» i samarbeid med Fylkesmannen.

Kan dette vera rett ?

Eg tillet meg å be rådmannen vurdera spørsmålet, innan klagefristen (21. 12. 2020).

Mvh
Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921